

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1954

Namnet på vatnet Søre Nærvikvatn  
Kommune ..... Åsland

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet  
og skriving av meldinga, er utført av Roga-  
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-  
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten  
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind  
Vasshaug.

## S Ø R E   E R E V I K V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 28. aug. 1974.

Vatnet ligg i Forsand kommune, nord for Oanes, og grensar i sør for ein del etter R 13.

Arealet er omlag 15 ha og h.o.h. ca 30 m.

Det er jamtover eit grunt vatn, der største djup neppe er over ca. 15 m.

Stranda består for ein stor del av stein der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjermebotn dominerer på djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmebras, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark der bjerk og furuskog dominerer, og noko snaufjell.

Hovudtilsiget fell inn i nord og kjem frå Nordre Erevikvatnet.

Forutan dette fell det inn eit sterre bekketilsig på austsida.

Avlaupet renn ut i nord-vest og går til sjøen ved indre Skeivik.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 4.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul som indikerar eit eutrof eller næringsrikt vatn.

Surheita pH er målt til 7.0 (nøytralt vatn) som er heilt ideelt for aure.

Innhaldet av kalk ( $\text{CaO}$ ) er 2.0 mg/l og den totale hardheita 4.5 mg/l. Vatnet er såleis noko kalkfattig, men likevel relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna  $K_{18} = 43.0 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 17 fjærmygglarver, 13 muslingar, 1 stikk-mygglarve og 2 fåbørstemark - i alt 330 individ pr.  $\text{m}^2$ .

5.0 meteren gav som resultat 3 fjærmygglarver og 3 fåbørstemark eller samla 60 individ pr.  $m^2$ .

På 10.0 m vart det funne 11 fjærmygglarver og 1 fåbørstemark tilsvarende 120 individ pr.  $m^2$ .

Samla resultat syner at det er lite med næringsdyr i vatnet. For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretaken, tok vi mageprøver av 2 fiskar og her vart det funne plankton (*Bythotrephes longimanus*), linsekreps, fjærmyggupper, bladlus, mygg og vårflugelarver.


#### Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikaltrekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som rike både på plante- og dyreplankton.


#### Fisk m.v.

Fiske slaga utgjer ferskvassaure, stingsild, ål og sjøaure. Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter ein fangstnatt vart 55 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framstillinga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denn sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var 13 røde, 9 lysrøde og 3 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var der 9 hanfiskar og 16 hofiskar.

6 av prøvefiskane var angripne av parasittar (måkemark).

Medel fyllingsgrad 2.3.


Vidare var 68 % gytefisk, resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda, og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane, vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.8	10.2	15.8	22.7	25.6	28.0
Årleg lengdetilvekst i cm	4.8	5.4	5.6	6.9	2.9	2.4
Antall fisker	25	25	25	24	11	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.13 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Vi har nedenfor sett opp einvekstkurve for fisken i Søre Erevikvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i S. Erevikvatnet ein god lengdetilvekst og ligg stort sett over normalen like til 5-6 års alder. Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 30 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nå vil det sikkert finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jaggar", men der neppe mange av desse.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som relativt næringsrikt og der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon.

Fiskebestandet er bra avpassa næringsforrådet.

Som kjent er det nedslagsfelet som spelar ei avgjerande rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av dyrka mark vil alltid tilsiiga herfrå føre verfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølv næringssgrunnlaget i eit vatn.

Ser vi på nedslagsfeltet for S. Erevikvatnet er dette bra i så måte og fylgjeleg er dei kjemiske tilhøva gode. Eit vatn med pH 7.0 er det ikkje ofte ein støyter på.

Botnprøvene kunne ein ha venta noko rikare, men planktonprøvene var gode.

Omfarfordininga syner at der er fisk av ymse årgangar og storleikar og vidare vil storparten av fisken vera omlag 27 cm. Vekstkurven og kondisjonsfaktoren er mykje god, så alt talar for at vi her har med eit av dei betre fiskevatna å gjera.

24 % av prøvefiskane var angripne av makkemark - noko som er nokså vanleg i lågareliggjande vatn.

Gytetilhøva er gode i fleire av tilsigsbekkene, så normalt vil rekrutteringa vera sikra.

Det er mykje som tyder på at sjøauren under flaumar kan gå opp i S. Erevikvatnet. Etter skjellavlesinga tyder alt på at 4 av prøvefiskane var sjøaure.

#### Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Vatnet ligg særslig til på alle vis, og byd på mykje god fisk, så det er gode muligheter for grunneigarane å få økonomisk utbytte ved fiskekortsal.

Sjøauren er eit ettertrakta fiskeslag, som skattar næringsforrådet i vatnet lite. Etter alt å døma vil ein kunna få meir sjøaure opp i S. Erevikvatnet ved å utbetre utlaupet på sine stader. Ein må her foreta ei grundig synfaring av avlaupsbekken for å sjå nærrare på tilhøva.

Ålen er ein godt betalt matfisk som grunneigarane må nyttigjera seg. Det er ikkje lite med ål som årleg går ut av dette vatnet, og høgareliggjande vatn, i vassdraget. Ved å montere ei ålemér på utfallsbekken vil ein kunna fanga utgangsålen. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen

forlet vatnet.

Som nemnt var ein del av prøvefiskane våre angripne av måke-mark, så grunneigarlaget må gjera sitt beste for å halde måken borte frå vatnet. Det er som regel den måken som har fast til-hald ved vatnet, og som event. hekkar i nærleiken, som er den mest farlege. Måke som kjem på ein snarvisitt inn frå sjøen er meir ufarleg.

Ein ting som er viktig i denne samanhengen, er at ein alltid grev fiskeslo og anna fiskeavfall forsvarleg ned, slik at korkje husdyr (katt) eller fugl får tak i dette.

Det fisket som har vore drive i dei seinare åra, må halde fram i omlag same omfang som tidlegare.

Då som nemnt S. Erevikvatnet er eit av dei betre vatna, var det å vone at dei tiltaka som her er peika på vert sette ut i livet, og mang ein sportsfisker vil sikkert kome for å prøve fiskelukka nettop i dette vatnet.

Stavanger 18. febr. 1975

Einar Berg